



Villanger & Sønner AS
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1849 - 16/18526

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
28.06.2016

Førebels svar på søknad - gbnr 140/37 Erstad.

Vi stadfestar å ha motteke dykkar søknad 15.06.2016. Saka har saksnummer 16/1849.

Saka vert no gått gjennom i høve til dokumentkrava som er sette i plan- og bygningslova med forskrifter. Dersom det er trong for tilleggsdokumentasjon vert dette etterspurd i eige brev.

Tidsfristar for handsaming går fram av plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 og byggesakforskrifta kap. 7.

Hovudregelen er at tidsfristane skal haldast, men fristen vert likevel avbroten dersom søknaden ikkje er komplett. Den tida det tek ansvarleg søker/tiltakshavar å senda inn tilleggsinformasjon til søknaden vert ikkje rekna med i sakshandsamingstida. Fristar som følgjer av plan- og bygningslova § 21-7 og byggesakforskrifta § 7-1 vert automatisk forlenga, jf. byggesakforskrifta § 7-2 (1). Ved større manglar vert tidsfristen rekna frå den dagen søknaden er komplett.

Viss saka krev løyve eller samtykke frå anna styresmakt, jf. plan- og bygningslova § 21-5, vert fristen forlenga med den tida det tek å innhente løyve eller samtykke, jf. byggesakforskrifta § 7-3.

Sakstype	Tidsfrist
Søknad om løyve til tiltak etter §§ 20-2, inkl. dispensasjon Fristen vert avbroten i den tida søknaden ligg til uttale hos regionale og statlege mynde	12 veker
Søknad om løyve til tiltak etter §§ 20-3 og 20-4, der tiltaket er i samsvar med reglar gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og der det ikkje føreligg merknader frå naboar /tverrbuarar, og løyve, samtykke eller uttale frå anna mynde (t.d. jordlov, kulturminnelov, fylkesmann) ikkje er nødvendig. Dersom fristen ikkje er halden, vert løyve rekna som gjeve og arbeidet kan setjast i gang.	3 veker
Søknad om løyve til tiltak etter § 20-4, der det føreligg protestar frå naboar/tverrbuarar, men tiltaket elles er i samsvar med reglar gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og løyve, samtykke eller uttale frå anna mynde (t.d. jordlov,	3 veker



